

MØTEREFERAT frå Brukarutvalet i Helse Bergen

28 mai 2018 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. Sentralblokka

Til stades:

Svein Nord Kristiansen
Hjørdis Dahle(fungerande leiar)
Dag Einar Liland
Ida Carlsen Eide
Agnar Berland
Marianne C. Håheim
Kirsten Eikanger Mjelde

Meldt forfall

Inger Lingjerde
Frode Tony Bodin- ikke møtt
Inge Aareskjold Fiskvik- meldt forfall
Joe R. Aserwatham- ikke møtt

Sak 39/18 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen
Godkjent

Sak 40/18 Godkjenning av referat frå møte 23.04.18
Godkjent med merknad nedanfor
Det vart bedt om at det i referatet også kjem fram kven av innkalla medlemar og
varamedlemar som har meldt forfall

Sak 41/18 kl 0945-10.15 Utviklingsplanen kap 6 v/ Ingvild Sunde
Ingvild Sunde orienterte om utkast til utviklingsplan som er sendt på høring 23 mai med frist
24 august. Brukarinvolvering står høgt. Ein har kome langt på system og tenestenvå. Størst
utfordring på individnivå. Ingvild sender foiler. Intern frist i Brukarutvalet er 10 juni. Innspel
sendes Dag Einar Liland og Svein N. Kristiansen som samanfattar til komande møte i
Brukarutalet.

Sak 42/18 Bekymringsmelding frå Blindeforbundet i Hordaland til Brukarutvalet med kopi til
Styret og adm. Direktør.

Brukarutvalet meinte det snarast måtte sendast skriftleg svar til dei tre mottakarane av brevet
der vi etterlyser status frå Helse Bergen, der utvalet støtter Blindeforbundet og der ein stiller
krav om god tilrettelegging, ledelinjer osv. ved flytting av sengepost. Det har til no berre vore
muntleg dialog mellom leiar av brukarutvalet og leiar av Blindeforbundet om saka.

Fungerande leiar på dagens møte, Hjørdis Dahle tar ansvar for oppfølging av saka.

Sak 43 /18 Nye prosjekt med førespurnad om brukarmedverknad

- Fag og kvalitetsråd psykisk helse, leiar følgjer opp. Kirsten Mjelde blir reoppnevnt med Jorunn Bakke som vararepresentant. Hjørdis Dahle avklarar vararepresentasjon med Jorunn Bakke. Brukarutvalet slutter seg til deltaking også ved representant frå erfaringspanel psykisk helse og at Psykiatridivisjon sjølv sørgjer for slik rekruttering.
- ”styringsgruppe program for poliklinikk”. Anne Berit Kolås går ut. Inge Fiskvik og Svein N. Kristiansen representerer Brukarutvalet i styringsgruppe. Svein N. Kristiansen deltr og i arbeidsgruppe. Ida Carlsen Eide og Svein N. Kristiansen møter på dagens møte. Sekretariat melder til leiar av prosjektet.

Heiser: Inge Fiskvik og Marianne Håheim – Meldes til Smørdal

Helsehus Nordhordland. Anne Berit Kolås går ut. Fungerande leiar Hjørdis Dahle avklarar med Bente Orlen Westervik som representerer Brukarutvalet.

Etablering av brukerpanel for Alrek helseklynge – Marianne Håheim og Dag Einar Liland representerer brukarutvalet. Sekretariat melder representant Brukerpanel v/ Cathrine Bjorvatn/Kristin Walter.

Malnutra- forskingsprosjekt v/ Eli Skeie. Marianne Håheim og Dag Einar Liland representerer brukarutvalet. Fungerande leiar Hjørdis Dahle avklarar omfang før ein melder representasjon.

Styringsgruppe protonserter. Inge Fiskvik er fast medlem. Hjørdis Dahle er vara. Dette er meldt til prosjektet v/ Brit Pedersen. Brit Pedersen inviteres til neste møte

Pilot samhandling- Førespurnad frå programkomite om deltaking frå Ida Carlsen Eide Brukarutvalet godkjente at Ida Carlsen Eide deltar i programkomite. Sekretariat følgjer opp.

Ida Carlsen Eide er også invitert til møte på Fjell. Dette har ho sagt ja til. Brukarutvalet støtter dette.

Sak 44 /18 Oppdatert prosjektoversikt

Brukarutvalet ønskjer oppdatert prosjektoversikt før kvart møte. Det er behov for gjennomgang av status. Oppfølging av prosjekt frå i fjor?

Sak 45/18 Frå/til utvalet

Felles brukarmøte, honorering. Sekretær for Regionalt utval har meldt tilbake at honorering ikkje er aktuelt der då dette er definert som kurs/konferanse. Helse Bergen ønskjer felles policy i regionen.

Orientering frå møte med politisk nivå i Bergen kommune om Barsel/Tenesteavtale 8 v/ Ida Carlsen Eide og Hjørdis Dahle. Det vart opplevd som eit greitt møte. Usikkert kva som kom ut av møtet. Det er tenesteavtale 8 og punkt om 5 døgn som framleis er stridende punkt. Brukarutvalet meiner tilbodet som kvinner og barn får vil vera ein heilt anna enn i dag ved innflytting i nytt bygg.

Sak 46/18 kl 12.15-12.55 Orientering om aktuelle saker i Helse Bergen v/ Anne Sissel
Faugstad
Styremøte
Rehabilitering
Palliasjon
Utlysing fagdirektør og vise.adm. direktør
Generalforsamling BTO
Slagforløp. Invitere til neste møte?
Protonsender. Inviteres til neste møte
Statsråden til Floen kollektivet
Økonomi/aktivitet – 44 mill.
Flytting av ortopedisk rehabilitering
Palliasjon. Prosjektdirektiv, leia av Geir Andvik. Få tilsendt sak til BU

Spørsmål om:

- Plikt til behandling av Psykisk utvilingshemma.
- Kunst og utsmykkingsgruppa
- Sårprosjektet-status
- Foaje og pasientservice-senter- En del av prosjekt vel møtt.

Sak 47/18 kl 12.55-13.25 Nye Nordås

Anne Sissel Faugstad orienterte kort om planer for nybygg på Nordås. Det er lagt opp til god dialog med kommunane og andre aktuelle samarbeidspartnarar om kva rehabiliteringsfunksjonar ein meiner skal ivareta på Nordås(rehabiliteringsklinikken). Drives det med dei rette tinga? Der skal i alle fall være den mest spesialisere rehabiliteringa. Det har vore ein omfattande innhenting av informasjon om kva ein ser for seg. Desse opplysningar er tilgjengelege for alle. Den største utfordringa er plassering av spinaleininga

Sak 48 /18 Eventuelt

Utvalet drøfta arbeidsmetodar. Det er behov for en prosjektoversikt. Skal ein følgje opp prosjekt som ein var i gang med for eit år sidan. Det var semje at Agnar Berland på ein av dei komande møte skulle orientere om korleis Brukarutvalet ved Haraldsplass arbeidde. Det vart gjort merksam om at erfaringskonsulentane ikkje er brukarrepresentantar då dei er tilsett i føretaket. Det er då spørsmål om kvar lojaliteten er.

Sak om følgje på neste møte jfr. Klage NFU

Sak om seksjon for spiseforstyrrelsar, arbeidsmetodar ? Seksjonsleiar vert invitert til møte i juni ?

Spørsmål om status ernæringsråd.